

Eystein Opdøl
Oppdølsvegen 26
6620 Ålvundeid
Grunneigar g.nr. 91/1, Opdøl med Innerdalen

Høyring av melding med forslag til utgreiingsprogram – Nedre Driva kraftverk

Overføring av Langvatnet mot Tovatna:

Ei overføring vil føre til at Renndøla og Ålvundelva vil miste eit nedbørsfelt på litt over 6 km², eller 13 mill.m3 per år. (I følgje NVE atlas) Frå demninga og ned til Renndølsetra vil det naturlige tilsiget framleis være om lag 20 mill m3. Dagens regulering av Langvatnet fører til at det vatnet som normalt kjem under smeltinga på vår og sommar, no blir lagra i dammen til det blir overløp, og først blir sleppt utover vinteren ved behov, eller tidlegare om dammen blir full og det blir overløp. Dette fører jo til at det er unaturleg mykje vatn i Renndøla og Ålvunda om vinteren. Og tilsvarende mindre om sommaren.

Det er ikkje tvil om at det vil bli ei betre utnytting av vatnet ved ei overføring til Tovatna.

- Det bør utgreiast kor ofte det er overløp frå Langvatnet slik vatnet er regulert no.
- Korleis blir vassføring og flomfare endra ved å overføre Langvatnet austover? Dette må synleggjerast. Det kan ha innverknad på både seterlandskapet og fiske i vatnet.
- Overføringskanal må lagast slik at det ser naturleg ut, med gode stader å krysse elva for folk og dyr (sau).
- Innerdalsvatnet er svært spesielt fordi det er demt opp og danna av steinurda i enden, og har også svært sjeldan botanikk pga at vannstanden går ein del opp og ned. Dette vil kanskje bli meir «naturleg» viss Langvatnet blir overført, og være positivt.
- Det må kartleggast naturtyper i Nedre Renndalen, der vatnet kjem ned frå dammen, om det kan være naturtyper der som er avhengig av fossen frå Langvatnet.
- Det må også kartleggast om beitet i det same området kan bli negativt påverka av å overføre vatnet. Det er myriader av små bekker inne i dalbotnen der med frodige planter.
- Kva er plana med dammen på Langvatnet? Skal den stå, slik at overføringskanalen (eller -tunnelen?) blir så grunn som mulig? Eller er tanken å fjerne den og lage djupere overføringskanal?
- Det må utgreiast kva påvirkning ei overføring vil få for elva heile vegen ut til Ålvundfjorden.

Bekkeinntak Gresjo og Sandvikdalen/Tjuvdalen:

- Alle desse bekkeinntaka ligg i verneområde, både LVO og naturreservat. Slike bekker i den type natur dei ligg har fleire potensielt raudlista naturtyper. Det må registreres naturtyper i desse bekkeløpa. Desse naturtypane er blant dei som er mest trua i Norge, og det er pga utbygging av vasskraft.
- Gresjo har ein stor del av vassføringa si frå smeltevatn frå Vinnubreen om sommaren, det må utgreiast kva det vil få å seie for Ålvundelva vidare utover å ta vekk denne vassføringa, både sommar og vinter.